



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 09.07.2018
Vår ref: 14/01861-20
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Sunde i Jølster kommune. Tiltakshavar: Roald Sunde

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Konsesjonen

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 01.09.2016 frå Roald Sunde med org.nr. 919 694 068. Roald Sunde med org.nr. 919 694 068, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Sunde på del av eigedomen gnr./bnr. 35/1 i Jølster kommune. Mineralførekomenstn høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 8 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Områdeter i kommuneplanens arealdel avsett til masseuttak og regulert i reguleringsplan for «del av gbnr. 35/1 i Sunde i Jølster», vedteken 23. juli 1998.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeve i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter annan lovgjeving. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

2.1 Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



2.2 Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerhet med NOK 470 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

2.3 Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4 Anna vilkår

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Sunde. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyring

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Jølster kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), og andre rørte partar.

Høyringsperioden var frå 31.10.2017 til 28.11.2017.

DMF har motteke høyringsfråsegn frå Britt Sissel Sunde og Øyvind Magnus Solheim, Arve Kjell Sunde og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Britt Sissel Sunde og Øyvind Magnus Solheim

Ein attgjeving av vesentlege delar av Britt Sissel Sunde og Øyvind Solheim sitt høyringsfråsegn:

«Tiltakshavar oppgjev at det det skal takast ut totalt 72 000 m³ masse. Eit årleg uttak på ikring 3000 m³ masse, vil seie at det vert drift i området i omlag 24 år.



Vi er i utgangspunktet ikkje negative til den drifta som er der per i dag, men er noko kritisk til måten den er dreven på. Dette vil vi belyse nedanfor. Vi skriv denne uttalen fordi vi ikkje ønskjer at drifta vert utvida. Hovudgrunnen til dette, er at vi bekymra for at for store menneskelige inngrep i fjellsida, kan føre til ras.

Fyrst vil vi skissere ein del moment som vi meinar er viktige. Desse momenta er etter vår oppfatning, ikkje i trå med ei forsvarleg drift. Og vi meiner dei bør tale imot utviding av masseuttaket. Anleggsområdet er ikkje sikra i form av gjerde nokon plass, slik vi kan sjå det. Det står i vedtak frå 1998 at det skal sikrast med gjerde. Det ligg også ein del synlege lause massar i fjellsida, noko som kan tyde på at det ikkje blir reinska opp etter kvart. Dette kan vere til fare for folk og dyr. Ved sprenging blir naboar som regel varsle, men ved enkelte høver, har det blitt sprengt utan at varsling er blitt gitt. Det har også hendt at det er blitt sprengt utan varsling, når ein liten baby har sove i vogn utandørs, ca 60 m frå uttaket. I vedtak frå 1998, kan ein drive sprenging/knusing til kl 23. Dette meinar vi er urimelig, når masseuttaket ligg så nær busetnad. Elles bør det vere krav til opprydding, då det ligg anleggsanfall som oljefat, rusta røyr, gummidekk og liknande nokre meter frå u.t si eigedomsgrense.

Det er ikkje blitt vatna når det har foregått knusing i tørre periodar. Kommunen er blitt varsle om dette. Dette har ført til ekstremt mykje støv i ventilasjonsanlegget på huset vårt som ligg i kort avstand frå anlegget. Sjølv om det er over 1 år sidan knusing, kjem det enda svart støv frå ventilasjonsanlegget og legg seg i taket, trass i at filter er skifta fleire gongar (normalt skal dette skiftast 1 gong per år). Støvet har ført til irritasjonar i luftvegar for fleire i hushaldet.

Vi er også bekymra for drikkevatnet som vi bora etter i 2015, dersom aktivitet i anlegget aukar. Etter råd frå dei som utførte boringa, ligg boreholelet så langt frå anlegget som det går. Dette pga faren for ureining i drikkevatn frå anleggsområdet. Ei anna bekymring er at ristingar i jorda pga sprenging vil medføre at drikkevatn kjeldagår tett.

Eigar av gbnr 35/8, fekk før ein tok avgjersle om å bygge nytt bustadhus på tomta, utarbeidd ein geologisk rapport, der faren for ulike skred vart vurdert (det har vore hus på tomta sidan byrjinga av 1900 talet). Konklusjonen på rapporten vurderte det som forsvarleg at det vart oppført ny bustad, sjølv om gbnr 35/8 ligg innafor det fareutsatte utløpsområdet for steinsprang og skred. Rapporten seier at dette forutset at det ikkje vert gjort større menneskelige inngrep i fjellsida eller at evt inngrep gjerast forskrifts me ssig. Rapporten seier at det er viktig at vegetasjon i fjellsida blir hold intakt, sidan vegetasjonen stabilisera lausmassane/jordsmonnet og såleis motverkar fare for lokal utløsing av skred som kan ha skadelig potensiale (sjå vedlegg).

Like nedanfor uttaket, går kommunevegen der skulebuss og bilar ferdast dagleg. Etter at masseuttaket starta opp, kom det i byrjinga av 2000, eit steinsprang som landa på vegen. Det var ein særstak stor stein, som måtte sprengast sund for at trafikken kunne komme forbi. Det er mange faktorar som kan bidra til at lausmassane i ei fjellside blir ustabile slik at faren for skred



aukar. Menneskelige inngrep som grave og sprengingsarbeid er eit av dei. I tillegg gjev klimaendringar oss meir ekstremvær i form av meir og kraftigare nedbør, som også er med på å kunne forsterke fara for ras. Desse faktorane gjere oss bekymra for framtidige ras som er potensielt skadelige. For oss er det tydlig at ei utviding av masseuttaket, slik det er søkt om, er i strid med det som den geologiske rapporten tilrår.»

DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar merksam på Britt Sissel Sunde og Øyvind Magnus Solheim sitt høyningsfråsegn. Konsesjonsområdet er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Det området det søkjast om driftskonsesjonfor, er såleis ikkje større enn området som ble regulert til massetak i reguleringsplan av 23.07.1998. Vi viser til plan- og bygningslova og kommunen som planmyndighet kva angår uttakets størrelse, beliggenhet og varighet.

DMF vurder at driftsplanen for Sunde legger opp til bergmessig forsvarleg drift, her underforsvarlig sikring og opprydding av uttaksområdet. Se vår vurdering i vedtaket sitt punkt 5.4 om driftsplan, 5.8 om sikring og punkt 5.10 om avslutning av uttaksområdet. Det går fram av driftsplanen og reguleringsplanen at området skal sikras med gjerde. Det går vidare fram av driftsplanen at fjell skal reinskast for lause steinar som kan rase ut etter kvart som drifta går framover. DMF føresetjar at Tiltakshavar driv i tråd med gjeldande reguleringsplan og godkjent driftsplan.

Når det gjelder varsel før sprenging, samt forureining i form av støv, støy og utsipp til vatn, viser DMF til forureiningsforskrifta kapitel 30, og Fylkesmannen som forureiningsmyndighet. Vi føreset at Tiltakshavar etterlever nemnde forskrift, og at det tas omsyn til bebuarane og omgjevnadane ved uttaksområdet under drift. Kva gjelder driftstider i reguleringsføresegna, viser vi til plan- og bygningslova og kommunen som planmyndighet. Vi minna vidare Tiltakshavar om drikkevannsforskrifta § 4 om at «Det er forbudt å forurense drikkevann».

Kva gjelder skred- og rasfare i området, viser vi til Norges vassdrags- og energidirektorat sitt høyningsfråsegn nedanfor, samt vårt høyringssvar. Ut over dette tar DMF høyningsfråsegnat etterretning.

Arve Kjell Sunde

Ein attgjeving av vesentlege delar av Arve Kjell Sunde sitt høyningsfråsegn:

«Eg er eigar av eigedom 35/3 som grensar inn til det aktuelle området på begge sider det blir søkt konsesjon. Området det bli søkt konsesjon ligg i eit område det er mykje lausmassar i fjellsida. Det er rekna for å være rasfarleg, lokalbefolkinga er kjent med dette gjennom genrasjonar. Dette bør utgreiaast grundig før ny konsesjon blir gitt. Ellers er uttaket som det blir drive i dag ikkje innegjort eller sikra på nokon måte, det er til fare for folk og fe. Det må settast krav til sikring så ikkje nokon kjem til skade på området, der er høge skjeringar og lause blokker. Ungar syns det er spennade å leike på sånne plassar så det bør gjerast tiltak for å sikre anlegget. Ved uttak blir terrenget forandra så vatten kan ta nye løp, det må takast omsyn til dette så vatnet går i sine opprinelege grøfter/elv.



Ellers er eg ikkje negativ til næringsutvikling så lenge lovar og gjelande reglar blir fulgt.»

DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar merksam på Arve Kjell Sunde sitt høyningsfråsegn. Kva gjelder fråsegna knyta til sikring og rensk, viser vi til driftsplanen for Sunde, kor det går fram at området skal sikrast med gjerde, og at fjell skal reinskast for lause steinarsom kan rase ut etter kvart som drifta går framover. DMF vurderer at driftsplanen legger opp til bergmessig forsvarleg drift, her underforsvarlig sikring av uttaksområdet. Vi føreset at Tiltakshavar driver i samband med godkjent driftsplan.

Når det gjelder rasfare i området, viser vi til Norges vassdrags- og energidirektorat sitt høyningsfråsegn nedanfor, samt vårt høyringssvar. Ut over dette tar DMF høyningsfråsegna til etterretning.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

DMF har motteke ei skredfarevurdering datert 22.02.2012 frå Britt Sissel Sunde og Øyvind Magnus Solheim. Skredfarevurderinga blei sendt til NVE som fagorgan. NVE har innsendt høyningsfråsegn basert på opplysningar i søknaden og skredfarevurderinga. Ein attgjeving av vesentlege delar av NVE sitt høyningsfråsegn:

«Søknaden har vore på høyring i 2017, utan av vi kan sjå i våre arkiv at NVE har hatt den til uttale. De synet til at uttaksområdet ligg i utlaupsområde for snøskred og steinsprang. Ei skredfarevurdering datert 22.02.2012 ligg og ved søknaden.

I tillegg til at uttaksområdet ligg i aktsemdområde for snø- og steinskred ligg det innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred.

Masseuttak som tiltak er ikkje unntake Byggteknisk forskrift (TEK17). Sjå meir om dette i Direktoratet for byggkvalitet sin rettleiar Utbygging i fareområde kapittel 2.9. Dette betyr at det vil vere naudsynt å dokumentere at uttaket stettar TEK17 sine tryggleikskrav, jf. § 7-3.

Vi går ut frå at årsaka til at vi har fått sendt over skredfarevurderinga er at DIRMIN ynskjer at vi skal kommentere om denne kan nyttast til slik dokumentasjon. Vi må understreke at NVE ikkje tek på seg å utføre uavhengig kontroll av slik dokumentasjon. Nokre kommentarar har vi likevel.

For tiltak i skredfareområde må tryggleiksklasse fastsettast, jf. TEK17 § 7-3, 2. ledd, første setning. Ei skredfarevurdering må så dokumentere om tiltaket stettar dette tryggleikskravet.

Skredfarevurderinga tek stilling til at ei tomt, GBnr 35/8, stettar kravet til tryggleik for bustadhús. Den aktuelle tomta ligg nedanfor, og noko til sides for det omsøkte uttaksområdet. Vi kan dermed vanskeleg sjå at vurderinga gir eit eintydig bilet av skredfaren i uttaksområdet. I høve til NVE sine tilrådingar i NVE retningsline 2/2011 «Flaum og skredfare i arealplanar» manglar også skredfarevurderinga fagleg kontroll (sidemannskontroll eller uavhengig kontroll), jf. kapittel 7.3.»



DMF sin kommentar

DMF gjer Tiltakshavar merksam på NVE sitt høyningsfråsegn knytat til skredfare og krav i samband med dette. DMF viser til byggteknisk forskrift (TEK 17) sine generelle tryggleikskrav mot naturpåkjenninger, her underforskriftas § 7-3 om sikkerhet mot skred. Kommunen er planmyndighet og NVE er fagorgan kva angår skredfare. DMF føresetjarat Tiltakshavar etterlever byggteknisk forskrift og den sitt tryggleiks- og dokumentasjonskrav kva angår skredfare. Vi oppfordrar vidare til tett og konstruktiv dialog mellom Tiltakshavar, kommunen og NVE for å ta vare på omsynet til skredfarene i området. Ut over dette tek DMF høyningsfråsegna til etterretning.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal legge vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjør kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrar kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for konsesjonsområdet. Etter grunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eideomen der konsesjonsområdet ligg. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 8 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Området er i kommuneplanens arealdel avsett til masseuttak og regulert i reguleringsplan for «del av gnr. 35/1 i Sunde i Jølster», vedteken 23. juli 1998.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert næringsoppgåve for dei siste to åra før søknadstidspunktet. DMF har vidare gjort ei vurdering av bedriftas noverande økonomiske tilhøve. På grunnlag av opplysningane som ergjevne vurderer DMF bedifta som økonomisk skikka.



5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomensten innanfor arealet på 8 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 72 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 3 000 faste m³. Det er planlagt drift i tre etappar. Det blir også presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til byggetomt.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Sunde godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjøre endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Underveis i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan kreve at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.



Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Roald Sunde som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein reguleringsplan for området, vedteken 23.07.1998. Området er vidare avsett til masseuttak i kommuneplanens arealdel.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 29.05.2018) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget:

DMF har ved søk i naturbase gjort funn av observasjon av villrein, klassifisert som art av særleg stor forvaltningsinteresse. DMF har ikkje fått informasjon knyta til villrein i området under høyringa, som tilseier at villreina i området vil bli påverka av tiltaket i nemneverdig negativ grad.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Naturmangfaldlova § 10

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Uttaksområdet er omkransa av skog, dyrka mark, veger og busetnad. DMF vurderer at arealbeslaget i stor grad allereie er gjort i forbindelse med tidlegare aktivitet. Massetaket fører til anleggsaktivitet så lenge uttaket er i drift. Veger, busetnad og landbruk vert vurdert til å bidra til en samlande belastninga.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

DMF har ved søk i naturbase ikkje gjort funn av freda kulturminna i konsesjonsområdet. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8 til kulturminnemyndighetene, fylkeskommunen.



Forureining

Massetaket kan føre til partikkelflukt vatn og luft med potensiale for påverknad av vatn- og luftmiljø. Forureining i form av støv/støy og utslipp til vatn regulerast av forureiningsforskrifta kap. 30. DMF minna om meldeplikta til forureiningsmyndigheita, fylkesmannen, ved oppstart eller endringar/ utvidingar av verksemda.

DMF sin konklusjon

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8 Tilhøvet til omgjevnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar opplyser at området sikrast med gjerde etter kvart som det oppstår behov for det. Fjell skal også reinskast for lause steinar som kan rase ut etter kvart som drifta går framover. Mesteparten av området er per 01.09.2016 sikra med gjerde for å halde dyr og menneske unna brotet. Tilkomstveg er til dagleg avstengd med kjetting.

Det kjem fram av høyringsfråsegna frå NVE at uttaksområdet ligg i aktseområde for snø-, stein-, jord- og flaumskred. I den forbindelse minna DMF Tiltakshavar på tryggleiks- og dokumentasjonskrava i byggteknisk forskrift (TEK 17). Vi føresetjar at Tiltakshavar etterlever nemnde forskrift og tar særleg omsyn til skredfaren i område under drift. DMF oppfordrar Tiltakshavar til å ha laupande dialog med Jølster kommune og NVE, for å ta vare på omsynet til skredfaren i området.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ifølgje tiltakshavar blir ressursen blant anna brukt til fyllmassar, muring og støttemurar.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Tiltakshavar opplyser at uttaket er planlagt avslutta som byggetomt på kote 250 med massar som kan byggast på (minst 1 meter djupsprenging). Pallhøgder skal vere på 12 meter, pallvinkel på 10:1 og pallbredder på 9,5 meter. Dette vil gi ein veggvinkel på 51,6 grader. Hyllene skal ha ca 30 cm med lausmassar som grunnlag for revegetering. Ein vil nytte tilgjengelege massar i området. Reinsking og eventuelt sikring skal takast etter kvart som brotet går framover slik at det ikkje skal vere behov for sluttreinsk. Mindre mengde med stein skal også takast opp av hyllene. Ved utarbeidning av byggetomt skal området sikrast særskilt, og ein skal søkje etter PBL lova, og dette høyrer ikkje til i denne driftsplanen. Ved avslutting av steinbrotet skal det vere ein gjennomgang av at alt gjerde er i forsvarleg stand.



Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren føreslår å sette av 90 000 kr i økonomisk sikkerheit.

5.11.1 Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 470 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2 Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstøylen leg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti–oppstartsfase

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoен då konsesjonsvedtaket bleigjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.



Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, ellertidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 470 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 4,80 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 19,2 år, det vil seie NOK 24 479 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 3 000 m³, tilsvarande om lag 5 100 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 4,80 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3 Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4 Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-3 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta



- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikke er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.



Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikke finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar. Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleiar

Odd-Arne Eidsmo
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Odd-Arne Eidsmo*

Vedlegg:

KONSENSJONSOMRÅDE FOR SUNDEI JØLSTER KOMMUNE.pdf
AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx
PÅKRAVSGARANTI.docx
PANTSETTELSESERKLÆRING.docx
Godkjent driftsplan.pdf

Motta karar:

Roald Sunde (enkeltpersonforetak)	Grova vege 93	6843 SKEI I JØLSTER
--------------------------------------	---------------	---------------------

Kopi til:

Jølster kommune	Os pen 1	6843 SKEI I JØLSTER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøs av. 2	6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Arve Kjell Sunde	Grova vege 69	6843 SKEI I JØLSTER
Øyvind Magnus Solheim	Viken 2	6843 SKEI I JØLSTER
Britt Sissel Sunde	Vikagarden 17	6843 SKEI I JØLSTER
Asle Kjetil Dvergsdal	Grova vege 61	6843 SKEI I JØLSTER
Kåre Dvergsdal	Grova vege 14	6843 SKEI I JØLSTER
Stein Arne Sunde	Grova vege 93	6843 SKEI I JØLSTER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE